



MTI IT Service AS  
Galteråsen 4

5916 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar: Ref.:4C8458- Skjemanr.:533  
Vår: 16/268 - 16/33834

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
09.12.2016

## Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

MTI IT Service AS

Jorunn K Fosse

# SAKSPAPIR

| Saksnr | Utval         | Type | Dato       |
|--------|---------------|------|------------|
| 151/16 | Formannskapet | PS   | 08.12.2016 |

| Saksbehandlar   | ArkivsakID |
|-----------------|------------|
| Øystein Sørhaug | 16/268     |

## MTI IT service - søknad på næringsfondet

### Vedlegg :

Søknad om tilskotProsjektbakgrunn og -beskrivelseFokus i prosjektAnbod utbygging breiband 2016, Radøy og Austrheim kommuneÅrsberetning 2015

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune løyver 250.000kr til det omsøkte prosjektet «bruk av web-samhandlingsteknologi i Nordhordland»

### Formannskapet - 151/16

#### FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Lindås kommune løyver 250.000kr til det omsøkte prosjektet «bruk av web-samhandlingsteknologi i Nordhordland»

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

### Bakgrunn

MTI IT service (MTI) er eit kompetansesenter innan IT/data, konsulent- og rådgivning samt sal av datarelaterte maskinar og utstyr. Verksemda er lokalisert i Lindås med kontor på Isdalstø.

Verksemda har støtt på utfordringar i marknaden grunna tung posisjonering innan olje og gass. Styret har iverksatt fleire omstillingstiltak. Verksemda arbeidar no med gjennomføring av strategi for omstilling og framtidig marknadstilpassing.

Verksemda ønskjer no å sette igong eit utviklingsarbeid iform av eit prosjekt som dei kallar for «bruk av web-samhandlingsteknologi i Nordhordland». Bakgrunnen er den voldsomme

utviklinga i IT-bransjen dei siste åra.

Prosjektmåla er å effektivisera digitale prosessar i verksemdene, men og visa positive miljøeffekter med bruk av digitale løysingar.

Prosjektet er estimert til å kosta 518.500kr basert på følgjande aktivitetar:

|   |            |
|---|------------|
| · Komplette utstyr for WEB-møter        | 125.000 kr |
| · Lisenser for WEB-møter                | 37.500 kr  |
| · Prosjektkostnadar oppsett/klargjering | 356.000 kr |

Næringsfondet er beden om å bidra med 259.250 kr (50%).

## Vurdering

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, marknadshensyn og konkurranseomsyn. Det er og nokre kapitalgrenser som er satt i retningslinjene til fondet.

I det omsøkte prosjektet vil både samarbeidstiltak og kompetanseutvikling innan for eksempel digital utvikling og bruk av digitale løysingar vere viktige poeng. Utvikling av ny digital teknologi og bruk av digitale løysingar vil utan tvil vere viktige konkurransefortrinn i framtida, og det er viktig at verksemdene i Lindås kommune har kunnskap om akkurat dette.

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireiseing på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Her vil fleire strategiar vere relevant, for eksempel gjeld det ny det som er nedskreven i form av kompetanseutvikling, nyskaping og entreprenørskap. Tilgong til slik teknologi og kunnskap til korleis ein kan anvenda slike digitale løysingar vil vera viktig for dei nye verksemdene som skal etablerast i framtida.

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland 2016-2025 har definert 4 fokusområder, deriblant næringsliv og innovasjon/gründerskap. Det overordna målet er definert som at næringslivet skal vera nyskapande og robust. Det er ein strategi i planen at ein skal stimulere til meir teknologi- og produktutvikling.

Planen er vedteken av Lindås kommune og fleire av måla og strategiane er passande til det omsøkte prosjektet. Spesielt gjeld dette bruk av ny teknologi og kunnskap om bruk av digitale løysingar som vil vera eit viktig poeng i det å vera robust og inneha konkurransefortrinn. Ikkje minst trekk planen og opp behov for omstilling og tilpassing til nye marknader og nye kundegrupper. Det omsøkte prosjektet vil og vera spesielt framtrudande ift akkurat desse behova.

Den regionale næringsplanen til Hordaland 2013-2017 er og tydeleg på at ein ønskjer enno meir entreprenørskap og innovasjon, herunder fleire gode gründarar og fleire vekstkraftige

verksemdar. Det betyr i praksis at ein må bidra til finansiering av verksemdar i tidleg fase og til utviklingsprosjekt med risiko, som det også står eksplisitt om i planen. Denne planen er svært tydeleg på at arbeid med omstilling vert svært viktig i 2016, det er i full harmoni med det strategiske arbeidet som vert gjort i dette prosjektet.

Planen er vedteken av Lindås kommune og det ovanståande vil vera relevant i den samla vurderinga av det omsøkte prosjektet.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen er og tydeleg på at rammvilkår til næringslivet er eit sentralt poeng kor det offentlige kan bidra og bistå med å avlaste og redusere prosjektrisiko og tildele økonomiske tilskott. Planen peikar og på innovasjon- og entreprenørskapssatsingar som viktige bidrag for næringsutvikling. Vidare trekk planen og opp viktigheita av å gjennomføre tiltak knytt til regionens digitale konkurransevilkår, herunder å ha eit digital god infrastruktur er naudsam for eit framtidretta næringsliv.

Planen er vedteken av Lindås kommune.

I retningslinjene til næringsfondet er det satt nokre kapitalgrenser, spesielt gjeld dette eit øvre tak på «investering» pålydande inntil 250.000 kr. Etter ei samla vurdering ønskjer Lindås kommune å løyve 250.000kr til det omsøkte prosjektet (48%).

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggjande søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalt dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

.....